



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Silje Anette Lyhammer, 55 57 21 51

Vår dato
17.01.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2018/815 521.1
Dykkar referanse

Helga og Lars Kåre Eikrem
Hopsdalsvegen 42
5915 HJELMÅS

Svar gjeldande søknad om dispensasjon frå søknadsfristen oktober 2017 i produksjonstilskot - Helga og Lars Kåre Eikrem - Lindås

Fylkesmannen viser til dykkar søknad om dispensasjon og kommunen sitt oversendingsbrev, datert 16. januar 2018.

Vedtak

Fylkesmannen gjev føretaket Løo keramikk Helga Angelskår Eikrem, org.nr 986 824 227, dispensasjon frå søknadsfristen 29. oktober 2017. Vedtaket har heimel i forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket av 19. desember 2014 med tilhøyrande rundskriv.

Du loggar inn i Altinn som vanleg og registrerer søknadsdata for oktober 2017. Det er opna for at du kan levera søknad frå dags dato til 26. januar 2018.

Bakgrunn

Du driv med hald av sau på gbnr 194/2 i Lindås kommune. Per 1. mai 2017 hadde du 14 søyer og 1 ver. Søknad om produksjonstilskot i mai vart sendt inn 15. mai 2017. Ved søknadsregistrering i oktober vart ikkje søknad levert grunna misforståing knytt til andre søknader og fristar. Mange ulike søknader skulle leverast omtrent samstundes og du trudde at òg denne var sendt inn. Det vart oppdaga etter at sakshandsamar i Lindås kommune hadde avvist søknaden frå mai, at søknad for oktober ikkje var levert. På bakgrunn av dette søker du no om dispensasjon frå søknadsfristen 29. oktober 2017.

Vurdering

I følgje *forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket og veileder til søknad om produksjonstilskot, søknad del 2 2017*, er det søkjar sitt ansvar at søknaden vert levert i rett tid. Søknadsfristen var 15. oktober, men dette første året i nytt system gjorde at det var høve til å registrera søknad inntil 29. oktober 2017.

Fylkesmannen kan i særlege tilfelle dispensera frå reglane i forskrifta, jf § 9. Du søker om dispensasjon frå § 8 andre ledd. Vilkåret om at dispensasjon kan gjevast i særlege tilfelle tyder at dispensasjon kun skal innvilgast når det føreligg ein særskilt og forbigåande årsak utanfor føretaket sin kontroll, som igjen fører til at føretaket ikkje oppfyller vilkåra i forskrifta. Fylkesmannen kan innvilga dispensasjonar i ein avgrensa periode. Det skal ikkje gjevast varige dispensasjonar.

Landbruksdirektoratet har, i rundskriv 2017-27, gjort greie for at sakshandsamar skal foreta ei konkret, skjønnsmessig heilskapsvurdering av om det ligg føre eit særleg tilfelle som talar for at føretaket bør gjevast tilskot, sjølv om vilkåra i den aktuelle regelen ikkje er oppfylt.

Du søkjer om dispensasjon frå søknadsfristen 29. oktober då det vart oppdaga hos kommunen at du ikkje hadde sendt søknad i oktober 2017. Fylkesmannen kontakta Landbruksdirektoratet for å undersøkje om dei kunne stadfesta aktivitet i søknaden din, sjølv om han ikkje vart sendt inn. Landbruksdirektoratet stadfesta i e-post til Fylkesmannen, datert 5. desember 2017, at du ikkje har vore inne i søknaden.

Det går fram av rundskriv 2017-27 at det ikkje skal innvilgast dispensasjon dersom søknaden er grunngeven med at søkjar hevdar å ikkje kjenna reglane i forskrifta. Det er søkjar sitt eige ansvar å halda seg oppdatert på dei gjeldande reglane til ei kvar tid.

Då 2017 var eit overgangsåar med nytt søknadssystem og mange søkjarar har hatt vanskar med å få sendt søknad, eller ikkje fått med seg fristane, innvilgar Fylkesmannen dispensasjon frå søknadsfristen 29. oktober 2017.

Klagerett

Du har rett til å klaga på dette vedtaket. Klagefristen er tre veker frå du mottok dette brevet, jf §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage skal stilast til Landbruksdirektoratet, men sendast til Fylkesmannen.

Med helsing

Åse Vaag
landbruksdirektør

Silje Anette Lyhammer
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ